

Tilskot til freda verneverdige bygningar, anlegg og miljø i Hordaland

Statsbudsjettet 2014. Kap. 1429, post 71 og 73



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Kap.1429 Post 71.

Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap



**Bergen barne asyl, Stiftelsen
seminarium Fredericianum**

Askeladden ID: 87155-01

Tilstandsgrad: 2

Kommune: Bergen

Eigar: Stiftelsen Seminarium
Fredericianum,
Asylplass 2 5018 Bergen

Kostnad: 1.560.000

Søknadssum: 785.000

Tilskot 2012: 300.000

2013: 800.000

Tilråding: 225.000

Kulturminne

Lafta bygning frå 1752, truleg den største attverande trebygning frå 1700-talet i Bergen. Bergen barne asyl var i initiert av biskop Erik Pontoppidan. Bygningen vart freda i 1927 og fungerer i dag som barnehage. Det er ei stifting som eig anlegget.

Tiltak

Igangsett tiltak.

Tilskotet skal nyttast til fase 2 av prosjektet som inneber istandsetting av fasadar, reingjering og maling. I tillegg skal grunnmuren i front settast i stand.

Tilråding

Særs verdfullt kulturminne over Bergen si institusjonshistorie. Viktig del av bylandskapet. Eit omfattande og kostnadskrevjande prosjekt som må gjerast over fleire år.

Tilrår Kr. 225.000



Nyhaugen, Drengestova

Askeladden ID: 87178-3

Tilstandsgrad: 3

Kommune: Bergen

Eigar: Åse-Lill Lundberg

Nyhauglia 1

5231 Paradis

Kostnad: 325.000

Søknadssum: 325.000

Tilskot 2012 350.000

2013 300.000

Tilråding: 250.000

Kulturminne

Drengestova er ein del av den freda eigedomen på Nyhaugen i Bergen. Eigedomen ligg ved Fjøsangerbukta og Gamlehaugen. Hovudhuset er seinempire og har svartglassert pannetekt valmtak. Hovudfasaden er prega av eit enkelt tempelfrontmotiv med to doriske søyler. Skipsreiar Peter Helland kjøpte huset i 1889, då huset fekk sitt noverande namn. Anlegget vart freda i 1924.

Tiltak

Igangsett tiltak.

Murararbeid, kalkfuging og måling med kalkmørtel. Drenering. Trearbeid, innsetting av dør og vindauge.

Tilråding

Langt komne og gjennomførte restaureringsarbeid. Omfattande arbeid i tørrmur som er vanskeleg å prissette/kalkulere på førehand. Viktig at utbetningsarbeida blir slutførte.

Tilrår Kr. 250.000



Kronstad Hovedgård

Askeladden ID: 87144

Tilstandsgrad: 2

Kommune: Bergen

Eigar: Stiftelsen Krigsveteranenes
Minne

Kostnad: 14.044.544

Søknadssum: 2.000.000

Tilskot 2010 2.000.000

2011 1.115.000

2012 1.337.000

Tilråding: 502.421+ 500.000

Kulturminne

Bygning i empirestil. Garden hørte i si tid til Nonneseter Kloster, og var næraste nabo til kongsgarden Alrekstad. Anlegget er frå 1700-talet og omfattar 5 bygningar: hovudhus, mellombygning, paktarbustad, stall og uthus. Bygningen vart vedtaksfreda i 1927 etter bygningsfredingslova av 1920.

Tiltak

Igangsett tiltak.

Fullføring av utvendig restaurering av hovudhus, hagehus og stall til normal vedlikehaldsstandard.

Tilråding

Har vore eit prioritert tiltak i fleire år. Restaurering som gjeld fleire bygningar og eit tiltak på bygningar som kjem ålmenta til gode. Ligg svært synleg/eksponert i bylandskapet, noko som kan gi positiv verknad/presedens. Viktig at tiltaka /restaureringsarbeida blir vidareførte.

Tilrår Kr. 502.421 + førehandstilsegn for 2015 kr. 500.000



Skuteviksboder 14-15

Askeladden ID: 87157-5

Tilstandsgrad: Ikkje tilst.reg. etter restaurering

Kommune: Bergen

Eigar: Albeslag A/S

Kostnad: 20.554.315

Søknadssum: 2.696.295

Tilråding: 500.000+ 500.000

Kulturminne

Skuteviksboder 14-15 er 3 bygningar. Det er lafta pakkboder i 2 og 3 etasjar med eit nytt mellombygg. Mellombygget er inngangspartiet til anlegget. Bygningane vart oppførde i perioden 1680 til 1850. Ombygd i 1920. Det var brann her i 2008.

Tiltak

Viktig tiltak med høg symbolverdi.

Tilskotet skal nyttast til å dekke antikvariske meirkostnader i samband med istandsetting av bygninga etter brannen i september 2008.

Tilråding

Søknaden gjeld berre dei kostnader knytt til arbeid som ikkje vert dekkja av forsikringssummen, m.a.o., midlar knytt til meirkostnader ved antikvarisk restaurering. Heile restaureringa er kostnadsrekna til i overkant av 20mill. Dei antikvariske meirkostnadene utgjør kr. 4.954.315.

Tilrår Kr. 500.000 + førehandstilsegn for 2015 kr.500.000



Repslageriet på Fjøsanger

Askeladden ID: 87179-1

Tilstandsgrad: 3

Kommune: Bergen

Eigar: Gerdt Meyer Brun A/S,
Fjøsangerveien 171

Kostnad: 2.947.725

Søknadssum: 2.947.725

Tilskot 2010 500.000

2013 1.200.000

2014 400.000

Tilråding: 700.000

Kulturminne

Industrianlegg med i alt 14 bygningar: reiparbane, fabrikkbygningar, kontor og støttefunksjonar. Anlegget vart teke i bruk i 1869 og vidare utbygd m.a. tidleg på 1900-talet. Produksjon fram til 1960. Sjølv reiparbanen er ein 300 m lang trebygning, som opphavleg stod på Sukkerhusengen i Bergen. Bygningane utgjer eit samla miljø, bygd opp rundt ei intern gate. Anlegget vart freda i 1990.

Tiltak

Prosjektskisse utarbeidd.

Det skal gjennomførast sikringsarbeid i ein del (seksjon) av reiperbanen.

Drenering for å hindre vassig inn i jordgolvet frå terrenget på oppsida.

Naudsynt utskifting og forbetring av ramme og bærande konstruksjonar samt tette lekkasjar i taket.

Tilråding

Det er løyvd kr. 2.100.000 til dette arbeidet, og med ei løyving på kr. 700.000 meiner vi det bør vere mogleg å starte opp restaureringsarbeidet i 2014.

Administrasjonen har vore i kontakt med eigar, og vil ta ny kontakt for å få eigar til å starte opp arbeidet i 2014.

Tilrår kr. 700.000



Reperbanen i Sandviken, Mesterhuset og Tjærehuset

Askeladden ID: 87154-1+3

Tilstandsgrad: 2

Kommune: Bergen

Eigar: Sandviksveien 60 og 62 A/S,
Postboks 760, 5807 Bergen

Kostnad: 6.560.000

Søknadssum: 4.692.000

Tilskot 2011 300.000

2012 2.013.000

Tilråding: 1.100+800.000

Kulturminne

Sandviksveien 60-62 er eit godt bevart reiparbaneanlegg med røter tilbake til 1600-talet. Hovudbygning, tjærehus og sjølv reiparbana vart freda i 1927.

Tjærehuset og reperbanen vart avfreda i 1934, og freda på nytt 1977.

Hovudbygningen, «Mesterhuset» vart bygd i 1808 som eit stort bustadhus med symmetrisk fasade, engelske skyvevindaug og rike snikkardetaljar både ut- og innvendes. Tjærehuset har underetasje av mur og overetasje av tre, og er første gong nemnt i 1733.

Tiltak

Igangsett tiltak.

Vidare restaurering av Mesterhuset og istandsetting og sikring av Tjærehuset dvs sette i stand vindaug, tak, kledning, mur/puss på piper.

Tilråding

Arbeidet med å restaurere anlegget i Sandviken har gått føre seg sidan 2008.

Det er eit særst tidkrevjande og kostnadskrevjande tiltak. Meiner det er viktig at arbeidet vert prioritert høgt.

Tilrår Kr. 1.100.000 + førehandtilsegn for 2015 kr. 800.000



Stranges Stiftelse, fortidsminneforeningen

Askeladden ID: 174313-1

Tilstandsgrad: ikkje tilstandsregistrert

Kommune: Bergen

Eigar: : Fortidsminneforeningen

Kostnad: 860.000

Søknadssum: 800.000

Tilråding: 600.000

Kulturminne

Fattighuset Stranges Stiftelse på Klosteret i Bergen vart oppretta i 1609 og var i drift til 1972. Den eksisterande bygningen, reist i 1751, er eit panelt tømmerhus med høgt saltak og inneheld ein stor sal med sovekammer i to nivå på langsiden. Bygningen er eit karakteristisk og særst godt bevart døme på tidleg institusjonsarkitektur. Meldt oppstart fredingssak i 2011, og bygningen vert difor handsama som eit freda objekt.

Tiltak

1. Legging av nytt tak på nord og sørside, samt reparasjon av sløys på tilbygg.
2. Utvendig maling
3. Utskifting av råteskadde bygningsdelar i samband med maling (vannbord og dør)

Tilråding

Fortidsminneforeningen har søkt om å få dekka kr. 800.000 av ein total kostnad på kr. 860.000. Dette er eit tiltak der administrasjonen rår til å fråvike kravet om at løyvinga berre skal dekke antikvariske meirkostnader.

Tilrår førehandtilsegn for 2015 kr. 600.000



Damsgård Hovedgård

Askeladden ID: 87200

Tilstandsgrad: 2

Kommune: Bergen

Eigar: Bergen bymuseum

Kostnad: 457.000

Søknadssum: 252.000

Tilråding: 250.000

Kulturminne

Damsgård hovedgård ligg i Laksevåg bydel i Bergen. Anlegget er bygd opp symmetrisk med hovudbygg med to fløyar kring eit indre gardsrom og eit portbygg aksialt på hovudbygget. To hagar omgjevne av murar flankerer hovudbygget. Hovudfasaden mot nord er spent ut som ein skjerm med lange hagegjerde som endar i små porthus.

Damsgård fekk i hovudsak utsjånaden sin på 1770-talet og er eit av rokokkostilen sine hovudverk i Noreg, særst godt bevart både ut- og innvendes.

Anlegget vart freda i 1924.

Tiltak

Istandsetting av tårn, dvs vask, skraping, flikking og måling av tårn samt rustbehandling av klokke, rekkverk og jernplater. Dette krev frittstående spesialstillas.

Tilråding

Eit særskilt tiltak der bymuseet må nytte eit sjølvståande stillas som ikkje vert festa til bygningen. Bruk av ei slik ordning krev eige sertifikat og spesialkompetanse. Difor må bymuseet bruke eit eksternt firma til arbeidet.

Tilrår Kr. 250.000



Villa Konow, Kråkenes

Askeladden ID: 87175-1

Tilstandsgrad: 1-2

Kommune: Bergen

Eigar: : Lars Børje Markegård, Heidi
Jaeger, Kråkenesvn.43. Bønes

Kostnad: 40.600

Søknadssum: 35.000

Tilråding: 15.000

Kulturminne

Villa Konow var arkitekt Frederik Konow Lund sin eigen bustad på Kråkenes, oppført i 1935. Velhalde, typisk døme på den såkalla Bergensskolen med bruk av lokale materialar, rustikk tørrmur og tredetaljar, fint tilpassa naturtomta. Monumental bygning med høge kvalitetar i detaljane som til dømes blyglassvindaug og utelampe smidd i støypejern.

Tiltak

Restaurering av sju blyglassvindaug, dvs trearbeid og lodding.
Utskifting av bly og kitt samt reparasjon av vinduskarm og ramme.

Tilråding

Ferdigstilling av tiltak som er viktig for å ta vare på dei antikvariske verdiane i bygningane. Viktig tiltak på ei verdfull bygning.

Tilrår Kr. 15.000.



Villa Konow, Kråkenes

Askeladden ID: 87175-1

Tilstandsgrad:

Kommune: Bergen

Eigar: Lars Børje Markegård, Heidi
Jaeger, Kråkenesvn.43. Bønes

Kostnad: 38.500

Søknadssum: 38.500

Tilråding: 10.000

Kulturminne

Villa Konow var arkitekt Frederik Konow Lund sin eigen bustad på Kråkenes, oppført i 1935. Velhalde, typisk døme på den såkalla Bergensskolen med bruk av lokale materialar, rustikk tørrmur og tredetaljar, fint tilpassa naturtomta. Bygning med høge kvalitetar i detaljane som til dømes blyglassvindaug og utelampe smidd i støypejern. Freda i 1993.

Tiltak

Istandsetting/tilbakeføring av arkitektteikna smijernslampe.

Tilråding

Smijernslampen (til høgre i bilete) som eigar søker midlar til er ein viktig del av identiteten til bygningen. Den er førebels teken ned. Viktig tiltak på ein lampe som vart laga av ein smed på Aga i Hardanger.

Tilrår Kr. 10.000.



Hiskholmen, sjøhus

Askeladden ID: 87170-3

Tilstandsgrad: 2-3

Kommune: Bømlo

Eigar: Kjell Steinsvåg

Kostnad: 225.000

Søknadssum: 200.000

Tilskot 2012 100.000

Tilråding: 200.000

Kulturminne

Hiskholmen i Bømlo er ein av dei gamle handelsstadene langs kysten, med tradisjon tilbake til 1600-talet. Her er i tre bygningar som vart freda i 1972. Sjøhuset er eit karakteristisk vestlandsk sjøhus i stolpekonstruksjon, to etasjar. Bygningen er den attverande tredelen av eit svært sjøhus av uviss alder.

Tiltak

Istandsetting av utvendig tak, dvs ta av takstein, reparere skadar i sutak, legge nye lekter og legge steinen oppatt.

Tilråding

Viktig tiltak på ein bygning som krev store kostnader til vedlikehald. Eigar gjer eit stort arbeid for å ta vare på bygningane, og dei er delvis til nytte for ålmenta.

Tilrår Kr. 200.000



Ystås, bustadhus

Askeladden ID: 127061-6

Tilstandsgrad: 2

Kommune: Granvin

Eigar: Aslaug Jorunn Nestås,
Garvergt. 8, 5054 Bergen

Kostnad: 114.024

Søknadssum: 80.000

Tilskot 2012 80.000

2013 150.000

Tilråding: 70.000

Kulturminne

Bustadhus, opphavleg glasstove (gjestehus) på bruk 2 i klyngetunet på Ystås. Tunet har i dag 13 hus og er eit av dei mest intakte av dei klyngetuna som er att. Tømmerhus i halfvannan etasje av tradisjonell, enkel vestlandstype, med supanel, krysspостvindauge og tak tekt med lappskifer. Gråsteinskjellar under huset. Skal vere bygd i 1881, og i hovudtrekk lite endra sidan. Godt bevart interiør.

Tunet er under freding.

Tiltak

Restaurere og isolere golva i første etasje, laga takoverbygg over inngangsdøra for å hindre takras om vinteren.

Tilråding

Restaurering og isolering av golva vil auke bruksverdien – huset er tenkt tatt i bruk som heilårsbustad. Isolering vert ikkje sett på som eit antikvarisk tiltak, og dette beløpet, kr. 4200, går til fråtrekk.

Tilrår Kr. 70.000



Ystås, lemstove

Askeladden ID: : 127061-01
Tilstandsgrad: 1

Kommune: Granvin
Eigar: Aslaug Jorunn Nestås,
Garvergt. 8, 5054 Bergen

Kostnad: 24.800

Søknadssum: 18.800

Tilskot 2013 50.000

Tilråding: 18.000

Kulturminne

Våningshus på eit av dei tre bruka i klyngetunet på Ystås. Tunet har i dag 13 hus og er eit av dei mest intakte av dei klyngetuna som er att. Tømmerhus i halvannan etasje med midtarker og fleire tilbygg. Huset kan vere frå seint på 1800-talet, men rommar to lafta kjernar (opphavleg stove og bu) som er langt eldre. Tunet er under freding.

Tiltak

Tilbakeføre lite overbygg over kjellardøra.

Tilråding

Forutan å vere ei tilbakeføring vil tiltaket hindre vassinntrenging i kjellaren og betre tilkomsten vinterstid.

Tilrår Kr. 18.000



Ystås, grindbygd løe

Askeladden ID: 127061-4

Tilstandsgrad: 2

Kommune: Granvin

Eigar: Aslaug Jorunn Nestås,
Garvergt. 8, 5054 Bergen

Kostnad: 122 299

Søknadssum: 98 674

Tilskot 2013 15.000

Tilråding: Avslag

Kulturminne

Stor grindbygd løe i klyngetunet på Ystås. Tunet har i dag 13 hus og er eit av dei mest intakte av dei klyngetuna som er att. Løa har tilbygg på begge sider, gammal kjerne, medan tilbygga er av varierende alder. Tunet er under freding.

Tiltak

Skifta råteskadd kledning på sørveggen, ny dør og gangbru til stall/sauefjøs, takoverbygg på nordvegg – begge tiltak er tilbakeføring til tidlegare utforming.

Tilråding

Ei løe på same tunet som røykstova. Hardanger og Voss museum har gjort ei vurdering av tiltaket. Det vert løyvd midlar til 3 andre tiltak på same tunet. Dette tiltaket kan det søkjast om, når dei andre tiltaka er slutførde.

Tilrår: Avslag



Ystås, røykstove

Askeladden ID: 127061-5

Tilstandsgrad: 2

Kommune: Granvin

Eigar: Aslaug Jorunn Nestås,
Garvergt. 8, 5054 Bergen

Kostnad: 204 938

Søknadssum: 179 938

Tilråding: 170.000

Kulturminne

Røykstove i klyngetunet på Ystås. Tunet har i dag 13 hus og er eit av dei mest intakte av dei klyngetuna som er att. Røykstove av ovaltelgja tømmer, truleg svært gamal. Inne i stova er ei opphavleg åre, den einaste kjende i Hardanger som er bevart. Tunet er under freding.

Tiltak

Utbetring/restaurering som omfattar fundament, ljore, vindauge og torvtak. Lagt vekt på opphavleg materialbruk, m.a. never og torv frå eigen eigedom.

Tilråding

Utbetring av tak og fundament er naudsynte tiltak, dei andre tiltaka vil òg sterkt auka opplevingsverden av eit dei eldste husa i tunet. Det er mogleg dette er den einaste opphavlege åre som er att i Hardanger, og det er viktig med offentleg tilskot for a halde bygningen i god stand.

Tilrår Kr. 170.000.



Jonatunet, Nordisk Fredsakademi

Askeladden ID: 148711-1
Tilstandsgrad: ikkje registrert

Kommune: Jondal
Eigar: (m/opsjon på
overtaking)
Nordisk fredsakademi,
Hardangerakademiet
v/ Sondof Rabbe

Kostnad: 2.650.000
(2014)

Søknadssum: 400.000

Tilråding: Avslag

Kulturminne

Større, karakteristisk og godt bevart tidl. tuberkulosesanatorium, oppført i bergensklassisistisk stil i 1933. Teikna av hardangerarkitekten Torgeir Alvsaker. Freda gjennom landsverneplanen for helsesektoren
Frå 1957 i bruk som psykiatrisk institusjon. Ved sida av hovudbygget består anlegget av kurhall og kombinert kapell og garasjebygg i eit delvis opparbeidd parklandskap.

Tiltak

Tilrettelegging for ny bruk: Senter for fred, utvikling og miljø på Vestlandet. Utbetring av lekkasjeskadar i alle våtrom . Utvendig og innvendig maling og oppussing. Prosjektering og FDV.

Tilråding

I tildelingsbrevet frå Riksantikvaren vart det peika på at det er ein føresetnad at midlane skal brukast til å gjere ferdig påbegynte tiltak.

Tilrår avslag i år.



Håbrekke, våningshus

Askeladden ID: 87209-1
Tilstandsgrad: 2

Kommune: Kvam
Eigar: Torleiv Håbrekke

Kostnad: 464.678
Søknadssum: 250.000

Tilråding: 250.000

Kulturminne

Hovudhuset på Håbrekke i Strandebarm skal vere bygd rundt 1660. Garden var ein av dei fremste i bygda, eigd av prestar og seinare offiserar. Hus i halvannan etasje med saltak, raudmåla panel og småruta vindaug, lågare sidefløy vinkelrett mot vest. Restaurert på 1960-talet. Freda 1824.

Tiltak

Reparasjon av taket for å utbetre lekkasje, ny papp, lekter og rekker, same stein som i dag. Vanskeleg å finne eksakte antikvariske meirkostnader ved tiltaket.

Tilråding

Det er viktig å hindre meir lekkasje i bygningen. Vi er samde med eigar i at tiltaket må gjerast i år. Eigar har lagt inn ein stor eigenandel i tiltaket.

Tilrår Kr. 250.000



Fjelberg Prestegård

Askeladden ID: 87186-1,2

Tilstandsgrad: 2

Kommune: Kvinnherad

Eigar: Stiftelsen Fjelberg
prestegard,
5459 Fjelberg

Kostnad: 337.875

Søknadssum: 307.875

Tilskot 2013 100.000

Tilråding: 300.000

Kulturminne

Prestegarden ligg attmed tømmerkyrkja i Fjelberg, og husa skriv seg frå første del av 1700-talet og frametter. Saman med kyrkja dannar prestegarden ein uvanleg verdfull heilskap, arkitektonisk og kulturhistorisk. Hovudbygningen, ein lafta bygning i ein etasje, vart reist i 1818 med bruk av to eldre bygningar. Bispestova er ein toetasjes laftebygning frå 1720-30-åra. Båe har liggande panel, saltak med raud tegl og verdfulle interiør. Anlegget vart freda 1991.

Tiltak

Det er to lekkasjar i huset; ei i nordvest og ei i nord. I NV skal takvindaughe hevast og tettast og det skal monterast nye beslag samt tetting rundt piper. I N er det lekkasje over kjøkkenvindaughe. Her skal det leggast nytt undertak og kista skal reparerast.

Tilråding

Taklekkasje på hovudhuset. Nok eit tiltak som hastar grunna fare for større skade på bygningen.

Tilrår Kr. 300.000



Nicollhuset på Presthus

Askeladden ID: 87235-1
Tilstandsgrad: 3

Kommune: Kvinnherad
Eigar: Margareth Susan Gravdal

Kostnad: 2.293.475
Søknadssum: 1.334.780

Tilskot 2013 500.000

Tilråding: 222.000

Kulturminne

Tømmerhus i ein etasje, kvitmåla liggande panel og saltak med skifer. Huset, som kan vere bygd kring år 1800, var hovudhus på garden Presthus. Garden ligg like ved kyrkja i Ølve og var ofte brukt som presteenkjebustad. Interiøret har symmetrisk plan og er svært lite endra i nyare tid, med mykje av gamle detaljar bevart. Freda 1923.

Tiltak

Totalrestaurering og istandsetting. Setningssskadar, berande konstruksjonar, tak, undertak, bjelkelag, golv, vindaug og dører. Oppfølging av søknad frå 2013, med reviderte kalkylar og nokre nye tiltak.

Tilråding

Verdfullt kulturminne som treng omfattande restaurering, viktig med støtte. Fekk tilskot i 2013, fordel å kunna følgja opp arbeidet som er sett i gang. Det er eit omfattande og kostnadskevjannde tiltak som må gjerast. Viktig å gje stønad til tiltaket. Viktig at tiltaket startar opp i 2014 sidan midlane som vart løyvd i fjor ikkje kan overførast til 2015.

Tilrår Kr. 222.000



Lyngheiane på Lygra

Askeladden ID:
Tilstandsgrad:

Kommune: Lindås
Eigar: Museumssenteret i Hordaland

Kostnad: 846.545

Søknadssum: 846.545

Tilskot 2011	336.000
2012	400.000
2013	460.000

Tilråding: 550.000

Kulturminne

Lyngheisenteret er eit informasjonssenter om kystlandskapet med lyngheiar, eit særmerkt landskap som har prega heile den europeiske Atlanterhavskysten, men som no er i ferd med å forsvinne. Senteret er etablert i nært samarbeid med dei lokale grunneigarane, som held kulturlandskapet i hevd gjennom aktiv gardsdrift på tradisjonelt vis.

Tiltak

Lyngheisenteret tek vare på kysten sitt kulturlandskap. Senteret treng midlar til reparasjon av grinder, stiar, slått, hesjing og åkerbruk, rydding av landskapet og innkjøp av beitedyr. Noverande beiting er ikkje tilstrekkeleg til å halde opp beitetrykket og hindra attgroing.

Tilråding

Riksantikvaren øyremerka midlar til Lyngheisenteret i 2013. Viktige tiltak i kulturlandskapet som det er naudsynt å prioritere.

Tilrår Kr. 550.000



Lysekloster kapell

Askeladden ID: 84356-02

Tilstandsgrad: 2

Kommune: Os

Eigar: Christa H. Von Erpecom

Kostnad: 275.000

Søknadssum: 225.000

Tilskot 2012 460.000

Tilråding: 150.000

Kulturminne

Langkyrke frå 1663 ved Lysefjorden, vigsla av biskop Jens Scheldrup. Gravkapell på sørsida av kyrkja var bygd 1760. Kapellet er i privat eige og høyrer til Lysekloster gard. Kyrkjelyden i Os får nytte kapellet til gudsteneste 2 gonger i året. Listeført kyrkje, men i privat eige. Det ligg føre 2 dokument i saka, ein søknad frå eigar og ein med Os kommune som avsendar. Vi vel å sjå desse dokumenta under eitt.

Tiltak

Innstallere nytt brann og innbrotssalarmanlegg. Måling av tårn. Kledninga går fleire stader heilt i terrenget, terrenget må senkast. Istandsetting av dører; trearbeid og beslag. Beslag til klokke må utbetrast.

Tilråding

Kyrkje i privat eige som er særskild kostnadskrevjande å ta vare på. Eigar har framleis ei løyving på kr. 41.524 frå 2013 som er unytta. Desse midlane kan overførast til arbeidet på kapellet.

Tilrår kr. 150.000



Havråtunet, kulturlandskap

Askeladden ID: K12

Tilstandsgrad:

Kommune: Osterøy

Eigar/søkjar: Museumssenteret i
Hordaland

Kostnad: 1.704.704

Søknadssum: 1.704.704

Øyremerka 2011 1.220.000

2012 1.316.000

2013 1.374.000

Tilråding: 1.700.000

Kulturminne

Havrå er det første av til no åtte freda kulturmiljø i landet, og fredinga omfattar heile gardsområdet med tun, inn- og utmark, i alt ca. 2000 dekar. Både klyngetunet og den gamle teigdelinga er intakt, og Havrå er eit unikt minne om tradisjonell vestnorsk gardsdrift. Freda gjennom forskrift i 1998.

Tiltak

Slått, hogging av hesjeved, vøling av hesjer, lage nye hesjer, gjødsling av bøen, åkerdrift, stell av dyr og beiting, rydding av bøen samt sankarotalauv og brakarydding.

Tilråding

Øyremerka midlar kr. 1.700.000



Havråtunet

Askeladden ID:
Tilstandsgrad:

Kommune: Osterøy
Eigar/ søkjar: Geir Sundal-på
vegne av fleire
bruk

Kostnad: 477.000
Søknadssum: 477.000

Tilskot 2011 200.000

Tilråding: 200.000

Kulturminne

Havrå er det første av til no åtte freda kulturmiljø i landet, og fredinga omfattar heile gardsområdet med tun, inn- og utmark, i alt ca. 2000 dekar. Både klyngetunet og den gamle teigdelinga er intakt, og Havrå er eit unikt minne om tradisjonell vestnorsk gardsdrift. Freda gjennom forskrift i 1998.

Tiltak

Skjøtselstiltak i landskapet

Tilrettelegging for beiting, rydding av gamal slåttemark, restaurering av steingard, rydding langs skogsveg, reparasjon av grøfter samt drenering. Søkjer og om midlar til motorsag, bensin og anna forbruksmateriell.

Tilråding

Vi set av midlar til tiltaket, men føreset at arbeidet som skal gjerast er i tråd med forvaltningsplanen for Havrå.

Tilrår Kr. 200.000



Havrå, Semensløa

Askeladden ID: 96671-4

Tilstandsgrad: 3

Kommune: Osterøy

Eigar/ søkjar: Museumssenteret
i Hordaland for Olav Torp,

Kostnad: 643.600

Søknadssum: 643.600

Tilråding: 190.000

Kulturminne

Tradisjonell grindbygd løe frå siste halvdel av 1800-talet med dels liggjande og ståande bordkledning, dels brakekledning og dryppheller på veggene. Taket er tekt med rasteheller og villskifer. Mura fjøs i kjellar. Løa er framleis i bruk og har ein viktig funksjon i tunet. Freda gjennom forskrift i 1998.

Tiltak

Drenering og istandsetting av steinsette veiter. Skifte kledning og tilbakeføre brakjekledning. Skifte syllstokk/ramme/svill og bord i fjøs.

Tilråding

I prioriteringsbrevet frå Riksantikvaren er det øymerka kr. 380.000 til Semensløa og Andersløa på Havrå. Vi set difor av halvparten av løyvinga til Andersløa.

Øymerka Kr. 190.000.



Havrå, «Løa åt Andersane»

Askeladden ID: 96791-4

Tilstandsgrad: 3

Kommune: Osterøy

Eigar: Leif og Einar Havre

Oppetveiten 25,
5262 Arnatveit

Kostnad: 621.000

Søknadssum: 621.000

Tilråding: 190.000

Kulturminne

Grindbygd løe frå midten av 1800-talet med kistemurt fjøs i kjellar. Liggjande og ståande bordkledning, eternitplater og dryppheller på vegger. Taket er tekt med raud teglstein. Freda gjennom forskrift i 1998.

Tiltak

Istandsetting av fjøsmur, sikring av dryppheller. Omlegging av tak. Fjerning av eternittplater i gavlvegg. Desse skal erstattast med furukledning

Tilråding

I prioriteringsbrevet frå Riksantikvaren er det øymerka kr. 380.000 til Semensløa og Andersløa på Havrå. Vi set difor av halvparten av løyvinga til Andersløa.

Øymerka Kr. 190.000.



Rothstova

Askeladden ID: 87216-01

Tilstandsgrad: 9- ikkje kjent

Kommune: Ullensvang

Eigar: Sølvi og Torgils Lutro,
Ramsvikveien 39,
5179 Godvik

Kostnad: 434.000

Søknadssum: 188.000

Tilråding: 150.000

Kulturminne

Tømra røykstove frå omkring 1800 med utvendig liggjande bordkledning og torvtak. Lafta tømmerstove med blyglasvindaug. Stova er lagt på natursteinsmur. Oppført for treskjerar Ole Lillevik, dreng på Ullensvang prestegard. Fint stoveinteriør med rundtømmer og nasjonalromantiske dragestilsutskjeringar av høg kvalitet. Stova vart flytta hertil omkring 1889 og freda i 1924.

Tiltak

Rette opp vegger og setningsskadar. Bytte ut råteskada treverk i bjelkelag og tømre utvendig. Isolere og tette vegger utvendig. Skifte kledning. Bytte ut 3 vindaug mot nord og reparere 3 vindaug mot sør. Drenering og utskifting av fyllmassar.

Tilråding

Omfattande arbeid på viktig kulturminne. Prisverdig at nye eigarar tek på seg arbeidet på Rothstova. Dei overtok huset i 2013 med ynskje om å restaurere det, og har laga ein godt dokumentert søknad.

Sjølv om midlane frå Riksantikvaren primært skal gå til tiltak som allereie er sett i gang, meiner vi at dette er ei restaurering som må gjerast.

Tilrår Kr. 150.000



Agatunet, Haldorstabburet

Askeladden ID: 87213-28

Tilstandsgrad: 2

Kommune: Ullensvang

Eigar: Stiftinga Agatunet

Kostnad: 343.000

Søknadssum: 200.000

Tilskot 2011 50.000

Tilråding: 200.000

Kulturminne

Stabbur frå 1697. Laft i to høgder, sperretak. Helletaket er frå 1842.

Det største bevarte klyngetunet med over 40 bygningar. 28 av dei høyrer til Stiftinga Agatunet og vert drive som frilufsmuseum. Tunet vart freda i 1937.

Tiltak

Helletaket skal leggest om, kledning skal skiftast, vindauga skal vølast.

Dør må fjernast pga. husbukkskadar og ny må lagast. Fundament og trapp må settast i stand.

Tilråding

Sjølv om dette er ein museumsbygning, opnar tilskotsordninga for å gje midlar til museumsbygningar som ikkje er flytta til museet.

Viktig tiltak på Agatunet.

Tilrår Kr. 200.000.



Buførevegen, Reisetser- Botsvatn

Askeladden ID:
Tilstandsgrad:

Kommune: Ullensvang
Egar: Folgefonna
nasjonalparksenter,
Kvinnherad kommune

Kostnad: 2.568.257
Søknadssum: 500.000

Tilskot 2013 300.000

Tilråding: 200.000

Kulturminne

Buførevegen vart nytta av bønder langs vestsida av Sørfjorden, som hadde stølsrettar på andre sida av Folgefonnhalvøya. Den siste buføringa var i 1957, og sidan då har vegen forfalle. Murar og vardar har rasa saman, og stien er dels grodd att.

Tiltak

Sette i stand og leggje tilrette vegen slik at den kan nyttast i samband med turisme.

Tilråding

Pilegrimsvegen/Buførevegen mellom Jondal og Ullensvang
I 2013 øyremarka Riksantikvaren kr. 300.000 til dette tiltaket.
Arbeidet held fram og det er viktig med nye midlar.

Tilrår Kr. 200.000



**Fortidsminneforeningen,
Avd.Hordaland,**

Askeladden ID: 174313-1

Tilstandsgrad:

Kommune:

Eigar: Fortidsminneforeningen
avd,Hordaland

Kostnad: 100.000

Søknadssum: 100.000

Tilråding: Avslag

Tiltak

Kurs i praktisk bygningsvern. Målgruppa er private eigarar av freda og verneverdige hus

Tilråding

Fortidsminneforeningen arrangerte i fjor eit kurs i praktisk bygningsvern for private eigarar av freda og verneverdige hus. Kurset vart arrangert i samarbeid med Hordaland fylkeskommune.

Eit viktig tiltak, men administrasjonen vil vurdere om det kan løyvast midlar til tiltaket frå posten som vert sett av til prosjektleiing.

Tilrår avslag



Museumssenteret i Hordaland

Askeladden ID:
Tilstandsgrad:
Kommune: Bergen
Eigar:

Kostnad: 216.000
Søknadssum: 216.000
Tilråding: Avslag

Tiltak

Innkjøp av utstyr til tidfesting av freda bygg og anlegg.

Tidfesting av freda bygg og anlegg er kostbart og tidkrevjande. Ønsket er å få utstyr som gjer fylkeskommunen i stand til å gjere tidfestinga sjølv.

Museet har gjort eit forprosjekt som no er ferdig, og meiner å ha kompetanse til å syte for at utstyret vert produsert.

Tilråding

Museumssenteret i Hordaland har starta opp eit prosjekt med tanke på datering av bygningar. Meininga er å produsere ein rigg som kan gjere tidfestinga meir nøyaktig. Eit forprosjekt er ferdig, og museet konkluderer med at prosjektet bør halde fram. Eit viktig tiltak, men administrasjonen vil vurdere om det kan løyvast midlar til tiltaket frå posten som vert sett av til prosjektleiing.

Tilrår Avslag



Sandviksbod 19

Askeladden ID: 91811-5,6

Tilstandsgrad: ikkje tilstandregistrert

Kommune: Bergen

Eigar: John Audun Hauge, Inger Marit Saastad

Kostnad: 699.187

Søknadssum: 399.187

Tilråding: Avslag

Kulturminne

Sandviksbod 19 er del av bygningsgruppa Sandviksboder 15-24, som er det største miljøet av bevarte sjøhus i Sandviken. Dei fleste bygningane er eigd av kommunen og rommar kystkultursenter og fiskerimuseum, men nr. 19 er i privat eige. Bod 19 består eigentleg av to bygningar – ei sjøbod i to etasjar og eit naust, begge truleg frå 1700-talet.

Tiltak

Brannsikring

Tilråding

Ingen midlar til brannsikring

Avslag



Fjelberg Prestegård

Askeladden ID: 87186-1,2

Tilstandsgrad: 1, 2

Kommune: Kvinnherad

Eigar: Stiftelsen Fjelberg prestegard,
5459 Fjelberg

Kostnad: 838.250

Søknadssum: 326.000

Tilråding: Avslag

Kulturminne

Prestegarden ligg attmed tømmerkyrkja i Fjelberg, og husa skriv seg frå første del av 1700-talet og frametter. Saman med kyrkja dannar prestegarden ein uvanleg verdfull heilskap, arkitektonisk og kulturhistorisk. Hovudbygningen, ein lafta bygning i ein etasje, vart reist i 1818 med bruk av to eldre bygningar. Bispestova er ein toetasjes laftebygning frå 1720-30-åra. Begge har liggande panel, saltak med raud tegl og verdfulle interiør.

Tiltak

Brannsikring, sprinkling av hovudbygning og Bispestova.

Tilråding

Ingen midlar til brannsikring

Avslag



Agatunet

Askeladden ID: 87213-28

Tilstandsgrad:

Kommune: Ullensvang

Eigar: Stiftinga Agatunet

Kostnad: 200.000

Søknadssum: 200.000

Tilråding: Avslag

Kulturminne

Det største bevarte klyngetunet med over 40 bygningar. 28 av dei høyrer til Stiftinga Agatunet og vert drive som friluftsmuseum. Tunet vart freda i 1937. Agatunet er eit friluftsmuseum med 30 freda bygg. Agatunet er eit godt døme på eit vestlandsk klyngetun. Det eldste bygget er lagmannsstova frå om lag 1250. Agatunet er særskilt av di det er eit originalt klyngetun, ikkje tilflytta hus.

Tiltak

Brannsikring

Tilråding

Ingen midlar til brannsikring

Avslag

